



# Grimsdalen

## Gruvelistigen



  
Nasjonalparkriket




## GRUVELISTIGEN – Tollevshaugen i Grimsdalen

Start- og utgangspunkt er parkeringsplassen (P) m/hovedinformasjon for natur- og kulturstigane, som går ut frå Tollevshaugen.

- Eit besøkspunkt på Nasjonalparkrunda.
- Inneheld tema tilknytt gruvedrift, villreinfangst, ferdsel, natur og kultur.
- Lengda er 8.0 km fordelt på to sløyfer (5.5 km og 8.0 km).
- Merka med trepålar m/raude merke/nummer.
- Det er **fem informasjonsskilt** ute i terrenget som utfyller teksta i informasjonsheftet.
- Tekstene er utforma av Hans Bergseng, Bjørn Follestad, Rune Moseng m/flere.
- Koordinering/ansvar: Dovre kommune v/Hans Bj. Talleraas
- Layout: Dovre Design as • Trykk: Oslo Forlagstrykkeri

### Tema/Innhald

- 1 Gamal ferdelsveg**, mellom Gudbrandsdalen og Østerdalen.
- 2 Mjølkebilvegen**, bygd av sætereigarane på Tollevshaugen.
- 3 Isen forma Landskapet**, spor etter smeltevatn markert i terrenget.
- 4 Grimsdalgruva**, historia om driftsperiodane (1740-1917) og seinare undersøkingar.
- 5 Gruveområdet** (Kvit stein), austsida Folldal, Gruvehøe og Malmleiting (namn/betydning m.m).
- 6 Grensevarde**, mellom fylkene Oppland og Hedmark.
- 7 Landskapet**, daudisgroper/morenergyger.
- 8 Dyregrover** - fangstrekke, 79 registrerte jordgroper, bruk/historie.
- 9 Idyllisk tjern**, vassmiljø/botanikk, rasteplass.
- 10 Steinbuer/andre hus**, knytt til gruvedrifta (sluskebuer).
- 11 Malmhaug**, kishaug, mineralsamansetning og forekomstar.
- 12 Smeltehytta**, foredling av malmen.
- 13 Mesætermyre naturreservat**, fugleliv, dyreliv og vegetasjon.
- 14 Sæterveg** – ferdaveg.
- 15 Tollevshaugkyrkja**





Sluskebue - mot Rondane.  
(Foto: Hans Bergseng)

## GRUVELISTIGEN

Gruvelistigen er ein natur- og kulturstig som går i nordvestleg retning frå Tollevshaugen til Grimsdalsgruva og området omkring, der ein kan oppleve interessant natur og kulturhistorie i et fint turterreng. Her er eit meir enn 250 år gammalt gruveområde, her finst ein variert natur med fleire karakteristiske terrengformasjonar som vart til på slutten av siste istida, og her er spor etter gamal fangstkultur.

Stigen er merka med små pålar med raude merke. Nokre stader der ein stig skil seg frå den raude, er den skilta og er merka i terrenget. Ein del av pålane har nummer som refererer til omtale i dette vandreheftet. På nokre utvalde punkt er det sett opp tavler med informasjon om det spesielle ein ser der, om verneområda og vernereglane for Dovre nasjonalpark som grensar inntil mot nordvest, og om Mesætermyre naturreservat som grensar inntil stigen mot sørvest.

Stigen er på ca. 8 km. Du kan gå ein beinveg ved gruveområdet, og da er stigen berre ca. 5.5 km. Du startar frå parkeringsplassen og følgjer den nedlagte bilvegen oppover eit stykkje, og attende følgjer du den gamle sætervegen frå Mesætre til Tollevshaugen.

God tur!



På tur til sæters ca. 1939.

## 1. GAMAL FERDSSELSVEG

Her gjekk det ein eldgamal ferdselsveg mellom Gudbrandsdalen og Østerdalen. Den gjekk over Streite, sør og aust for Streitkampen til Streitligardane i Folldal.

Vegen kom gjennom Grimsdalen, svinga opp vest for Tollevshaugkyrkja, forbi Tollevshaugen, Streitkampen og fram til Streitlien i Folldal.

Bygdebokforfattar Ivar Streitlien, f. 1891, meinte at vegen vidare gjekk gjennom Høstdalen og fjelleies til Alvdal. Vegen gjekk dermed nesten rett austover frå Dovre til Alvdal, og var nok i bruk alt før det var fast busetjing i Folldal. Ser vi dette i samanheng med det som er sagt og skrive om Pundar-vangen, (marknadsplassen lenger vest i Grimsdalen), tyder det på at dette har vore ein viktig ferdselsveg. Streitlien meinte at vegen var brukt til sist på 1800-talet av dovingar som skulle til Østerdalen (namnet Streit kan kome av å streve, for det var strevsamt å ta seg opp bakkane mot Streite der vegen på det høgste ligg på 1120 m.o.h, eller at det kjem av det engelske ordet street som rett og slett tyder veg).

Her kan du også gå til Streitkampen. Den beste vegen dit er etter fjellryggen du ser til himmels mot nordaust, over Streitkampen og attende etter vegen over Streite. Du kan også gå til Streitlien der Folldal bygdetun ligg, ca. 9 km.

## 2. MJØLKEBILVEG

Denne vegen vart bygd med hakke og spade av sætereigarane på Tollevshaugen først på 1930-talet, for køyre mjølka til ysteriet på Dovre med lastebil. Den er ca. 3 km følgjer vegen som går frå Grimsdalsgruva til Folldal.

Mjølkebilten gjekk om Folldal og Hjerkin og tok også med seg mjølk frå sætrene på Dovrefjell, ca. 9 mil. Bilen kom innover om kvelden med tomspanna. Sjøføren og medhjelparen overnatta på Tollevshaugen og starta opp att om morgonen. Da måtte budeiene ha sett mjølkespanna på rampa frå avkjølinga, som gjerne var ei trekasse med lokk som var plassert i ei vasskjelde. Ofte hadde mjølkebilten med folk som sat på lasteplanet. Budeiene og andre som var på sætra, såg fram til at bilen skulle kome, og møtte gjerne opp. Dei fekk sjå kven som var med, kunne spørje nytt frå bygda, og kanskje hadde dei med noko frå heime, eller sjøføren hadde utført ærend for dei. I tillegg til sætereigarane på Tollevshaugen, leverte også garden Vigerust, som har sæter på Mesætre, mjølka si til bilen og måtte da køyre med hest og kjerre til Tollevshaugen. Spora etter kjerrevegen er attgrodd og mest borte i dag.

Høyet frå sætrene, som tidligare vart køyrt heim med hest i mars eller vart fora opp på sætra ved vårlego, vart etter kvart også køyrt heim med bil.

Denne vegen vart brukt til det vart bilveg gjennom Grimsdalen, og mjølkekøyringa vart overført dit i 1949. Sidan har ikkje denne vegen vore vedlikehalde og er nå nedlagt (fram til kommunegrensa er den klassifisert som utmark og dermed ikkje lov å køyre med motorkøyrety utan dispensasjon).



Mjølkebil ca. 1935.



### 3. ISEN FORMA LANDSKAPET

- sjå informasjonsskiltet i terrenget.



Bilvegen til Folldal-Tolleivshaugen vart bygd ca. 1933.  
(Foto: Hans Bergseng)

Det karakteristiske med Grimsdalsområdet er eit høgtliggende viddelandskap på 11-1200 m.o.h. med fjelltoppar som stikk opp, som Rondane i sør. Grimsdalen saman med Atndalen og Østerdalen er grave ut og forma av elver i denne overflata. Desse elvene rann mot aust.

#### Nedising og avsmelting

For 2,5 mill. år sida starta istida med fleire nedisingar av Norge. Nedising og nedsmelting av isen sette seinare preg på Grimsdalen og området rundt. Store og samanhengande dekke av morenemateriale gjer det mogleg å dyrke og drive sæterdrift. Under nedsmeltinga av isen fall overflata til innlandsisen mot nordaust ut frå eit bresenter i Jotunheimen. Smeltevatnet som fylgde overflata av breen frå vestsida av Rondane, rann nord-aust og nord for Rondane og inn i området gjennom Haverdalen og sjølve Grimsdalen.

Her vart talrike smeltevassløp danna da overflata på isen sokk. Særleg markert er dette langs sør- og austsida av Mesæterhøa. Her fylgde vassmassane iskanten og spylte vekk lausavsetningane og utforma markerte og svakt hellande smeltevassløp. Desse kan følgjast nesten samanhengande over til Folldalen.

#### Overløpass

Nedsmeltinga av innlandsisen heldt fram, og dei markerte overløpassa vest (ca. 1100 m.o.h.) og aust (ca. 1050 m.o.h.) for Grimsdalsgruva vart frilagde. I passa er det danna gjel og overløpsrenner mot Folldal. Avsetningane etter breelvene noko lengre nord skjedde under isen der smeltevatnet treffe "vasspegelen" i innlandsisen på Folldalssida. Etter at passa vart frilagde, dreia smeltevatnet mot søraust og fylgde iskanten rundt Streitkampen.

## 4. GRIMSDALSGRUVA

- sjå informasjonsskilt i terrenget.

Du er nå ved Grimsdalsgruva og har oversikt over gruveområdet på vestsida av Gruvhøe. Her finst spor etter skjerping (malmleiting) og gruve drift frå eldre tid. På grunn av faren med opne gruvegangar, fylte Folldal Verk att alle opningane (synkar og stollar) rundt 1980. Mange spor etter drift frå gammalt vart da sletta. Det var tre stollar, og den øvste gruveinngangen skal ha vore om lag 150 m lang. Ein kunne sjå korleis dei eldste av desse gruvegangane var drivne ut ved hjelp av fyrsetting. Fjellet vart sprengt ved å varme det opp med ved-fyring og brått kjøle det ned att ved å slå på vatn. Gruve drift har vore ein viktig næringsveg for fleire bygdesamfunn i Nord-Østerdalen og fjellregionen opp gjennom tida. Folldal er ei av bygdene som har vokse fram på grunn av gruve drifta. Fredriksgaves Kobberverk, som Folldal Verk heitte frå starten, søkte i 1747 om mutingsbrev (lov til å undersøkje om det er drivverdig malm) på skjerp der Grimsdalsgruva kom. Det var like etter at Folldals gamle gruver kom i drift. Mutingsbrevet omfatta også "een Deel gammel brutt Malm". Det tyder på at det også før 1747 har vore prøvd med gruve drift her.

Det var truleg vanskelege driftstilhøve så langt til fjells, og alle forsøk på drift vara berre i få år og var å rekne for prøvedrift. Det var altså truleg drift i nokre år frå 1750. Det skal også ha vore drift her att frå 1783 til 1788. Da kopperprisane steig utover 1850-talet, dels på grunn av Krimkrigen 1853-56, vart det prøvd på nytt. Det var også utvikla nye teknikkar og hjelpemiddel som nitroglyserin, stålbor og einmannsboring. I 1861 fekk den tyske bergmannen Carl Weltz muttingsbrev for "Grimsdalens gamle Kiisgrube" til Grimsdahls Værks Actieselskab.

Vi veit at det var drift i 1862 og 1863. Det skal også ha vore "undersøkelsesdrift" ved Grimsdalsgruva i 1870-åra, truleg under Folldal Verks Interesseseselskap. Først i 1915-20 var det på nytt prøvedrift ved dei gamle stollane. Seinare vart leiteaktiviteten flytta over på austsida av Gruvhøe, og sidan da har det truleg ikkje vore drift på vestsida.



Gruvegang for attfylling ca. 1977.  
(Foto: Steinar Dalsegg)



Turstigen deler seg her. Du kan fylgje gruveområdet nedover og ned på sætervegen frå Mesætre og fylgje den attende til Tollevshaugen. Eller du kan fylgje den merka stien vidare til høgre i ei sløyfe på ca. 2 - 2.5 km der det er mange natur- og kulturhistoriske element.

## 5. GRUVEOMRÅDET PÅ AUSTSIDA (ved den Kvite steinen)



Kvartsstein på Gruvehøe m/ gruvetårnet i bakgrunn  
(Foto: Hans Bj. Talleraas)

I skråninga ned mot nordaust er det to gruveinnslag. Nedpå sletta ser vi eit heisetårn frå prøvedrift på 1950-talet da dei var nede på 70 meters djup. Til gruveinnslaget går det bilveg frå Folldal som vart bygd ca. 1916, da ein ny periode med drift starta. Da vart det også ført fram strøm og telefon til Grimsdalsgruva. Ei brakke frå den tid er erstatta av ei hytte som høyrer Folldal Ungdomslag til. Området heiter Åkerhaugen.

Ting tyder på at grimsdølane ikkje likte gruvdrifta så nær innpå seg, for i protokollen for Grimsdal statsallmenning frå 1917 står det at styret var på synfaring for å sjå på den "uberettigede brug av almenningen". Dovre kommune kravde skatt/avgift frå Folldal Verk av drift i kommuna. Om dette var grunnen til at leitinga etter malm vart flytta over på austsida av Gruvhøe i 1918, veit ein vel ikkje sikkert, men slik vart det.

Det er tufter etter hus og andre spor frå denne tida. Da det økonomiske tilbakeslaget kom etter krigen, vart det slutt. Frå 1921-22 ser det ut til at den tidsbolken ved Grimsdalsgruva var slutt. Gode økonomiske tider rundt 1950 og auka behov for malm gjorde at det på nytt vart aktuelt for Folldal Verk å undersøke førekomsten av malm ved Gruvhøe, og det vart starta med diamantboring på austsida. I 1956-57 vart det drive ned ei skrås jakt, "synk", til 70-80 meters djup.



Det vart etter dette utarbeidd store planar for Grimsdalsgruva, som skulle stå klar til å overta når ei av dei siste gravene i Folldal var tømte. I 1957 vart det slått fast at det var mykje malm å finne i Tverrfjellet på Hjerkinn, og alle planar om vidare drift ved Grimsdalsgruva vart stoppa. Det var truleg eit endeleg punktum for over 200 år med mykje arbeid og slit, prøving og feiling, oppbygging og nedbygging, oppturar og nedturar for så til slutt å måtte gi opp utan å få anna ut av det enn ein produksjon på ca. 230 tonn malm, drive fram i tida 1916-19.

Vil du sjå meir på gruveområdet på austsida, kan du gå til høgre når du kjem ned første bakken her og følgje stien ned til gruveområdet, (merka med grønt). Frå der kan du gå attende til Tollevshaugen ved å følgje bilvegen som var bygd av sæter-eigarane på Tollevshaugen i 1933-34. Denne stien er truleg vegen som gjekk til gruveområdet på vestsida av Gruvhøe frå Folldal (frå Dalåsen og frå Hovdegardan).

### **Gruvehøe/malmleiting**

Dette fjellet har namnet sitt av at det har vore gruvedrift her frå gammalt både på Grimsdalsida (vestsida) og Folldalsida (austsida). I Dovre kallar vi fjellet for Gruvhøe medan dei i Folldalen gjerne seier Gruvhovda.

Frå her ser du i synsrande frå venstre Mesæterhøe, Snøhetta, Knutshø, fjella mellom Folldal og Einunddalen, Tron i Alvdal og Streitkampen. Litt nærare ser du Nysætrin, Hjerkinn-Kvitdalen, Dovre-Kvitdalen, gardar i Folldal, Folldal Verk, Geitryggen gruveområde og Nygruva. Dei næraste fjella mot nordaust er Lurven, Gåshovda og Knutshovda. Den fine steinen du ser her er av bergarten kvarts. Du finn mange slike kvite steinar i fjellet her.

## 6. GRENSEVARDE

Dette er ein grensevarde i kommune- og fylkesgrensa som går vestover i rett line frå Streitkampen til ein varde på kammen av Mesæterhøe litt vest for den nordaustre toppen. Frå der går grensa i bein line mot toppen av Pigghetta.



Grensevarde mellom Dovre(Oppland) og Follidal (Hedmark)  
(Foto: Hans Bergseng)

Dovre sokn vart skild frå Lesja i 1861 og vart eigen kommune saman med Øvre Follidal. I 1864 vart Øvre Follidal skild frå Dovre og vart slått saman med Alvdal/Lilleelvdalen. Follidal vart eigen kommune i 1914.

I Gudbrandsdalskommisjonen frå 1882, kommisjonen som fastsette grensene for statsallmenningane, vart det gitt instruks for muring av

grensevardar i allmenningar. Det var to typar vardar. I brekkpunkta skulle det vere kronrøyser, og det var kubiske steinvardar med sider på to alen. I toppsteinen var hogd inn ei krone. Mellom brekkpunkta skulle det oppmurast mellomrøyser, dvs. kubiske steinvardar med sider på ei og ei halv alen og der toppsteinen skulle stå i same retning som lina og ha hogd inn eit kryss.

Det er statsgrunn på begge sider av grensa. I Dovre er det Grimsdal statsallmenning og på Follidalsida, Follidal statsallmenning. Det er fjellstyra i kvar kommune som forvaltar rettane etter fjellova, deriblant jakt og fiske med unntak av elgjakta som Statskog forvaltar.

Reinsstamma har gradvis tatt seg opp, og etter krigen vart mange tildelt jakt som ikkje hadde vore på jakt før. Det var gjævt å gå på reinsjakt. Mellom folldølar og dovringar var det strid om jaktretten over grensene, ein strid som gjekk i mange år. Den vart avgjort ved dom i lagmannsretten i 1970 og seinare ved forlik om korleis dommen skulle praktiserast. I Rondane var det også strid om kommunegrensa mellom dei same kommunane i mange år, først og fremst på grunn av kvotegrunnlaget til reinsjakta. Grensa vart fastsett ved kongeleg resolusjon i 1978. Etter det har det stort sett vore ordna og fredlege tilhøve i grensetraktene.

## 7. LANDSKAPET

I dette landskapet er det daudisgroper og moreneryggar som vart danna på slutten av siste istida. Litt lenger framme er det eit elveløp frå same tida, ca. 9-10.000 år sidan.

Daudisgroper er groper som vart til, når større eller mindre isklumpar inne i lausmassane smelta.



Brevass-overløp  
(Foto: Hans Bergseng)

Moreneryggane er såkalla Rogenmorenar. Det er langstrekte, uregelmessige ryggar av blokkrik botnmorene som ligg på tvers av den retninga isen gjekk. Medan lågareliggjande område av Grimsdalen var neddemt av den store innlandsisen, fann vatnet seg utløp etter som isen smelta. Der utløpet var, er lausmassane skylte bort av store vassmengder heilt ned på fjellet, og elveskråningane står att på sidene. Dette overløpet ligg på ca. 1080 m.o.h og er dermed vel 30 m høgare enn overløpet på andre sida av Gruvhøe og som har laga den mest markerte "strandlina" i liene omkring dalen.

## 8. FANGSTGROPER FOR REIN

- sjå informasjonsskilt i terrenget

Her er ein del av ei rekkje på 79 dyregraver for å fange rein, når dei kom opp skråninga til det gamle elvefaret, når dei passerte austover frå Mesæterhøe, eller motsett veg. Dyregravene ligger både i Dovre og Follidal.

Ein del av desse gropene er så store at dei kan ha vore brukt til å fange elg. I lausmassar grov dei rektangulære fangstgraver der dei gjerne støtta opp veggene med trefang eller flate steinar. Etter lang tid har så desse rasa i hop og blitt til runde groper. I steinete terreng var dei ofte mura av stein. Fangsfolka

dekte over med kvist eller liknande og kamouflerte med lynn og mose. Mellom gropene laga dei gjerde av tre eller stein slik at det leidde dyret rett mot grava. I eit område på ca. 1 mil frå Storberget vest for Grimsdalshytta til Tollevshaugen er det registrert minst 140 dyregraver, dei fleste i samanhengande system.



Fangstgrop for villrein.  
(Foto: Hans Bj. Talleraas)

**Arkeologiske undersøkingane i Grimsdalen** ved Bjørns-gardsætre i 2009/2010 i regi av forskingsprosjektet DYLAN((forvaltning av dynamiske landskap) har gitt svært overraskande resultat når det gjelder tidsbruken av fangst-anlegga. C-14 analyser viser at fangstgroper som en tidligare mente ble brukt i middelalderen(500-1500 e.Kr), faktisk var i bruk så tidlig som i yngre bronsealder og førromersk jernalder (yngre bronsealder er i Norge definert til 1100-500 år f.kr.), og dei ble tatt ut av bruk i tidlig jernalder(rundt Kr. F.). Dette er mange hundre år før massefangsten av rein på Einsethø, i vestre del av dalen, ble utført. Størrelsen på fangstsystemet tyder på overskuddsproduksjon, og indikerer at fangstfolka hadde bytte relasjonar til andre grupper som hadde behov for fangstprodukt.

**Åtte fangstgroper** ble undersøkt. Disse låg i ulike deler av et fangstsystem for villrein som består av rundt 60 groper. Fem hustufter på to ødesætre, Gammelstulen og Stulen, ble undersøkt. Bygningane kan knyttes til den eldste seterdrifta i området, og utgravingane viser at setrene ble etablert på 1400- og 1500-tallet. Ingen av bygningane er avmerkte på kart frå 1827, og setrene må derfor ha gått ut av bruk før dette tidspunktet. Forbod mot fangst i dyregraver kom i 1863 og da skulle gravene gjerast uskadelege.

**Dei pollenanalytiske undersøkingane** viser at Grimsdalen har vært ein skogkledd dal i tusenvis av år. Skogen besto av furu og bjørk. Omkring Kr. f., muligens noko før, ses ein reduksjon av furuskogen i fleire diagrammer. Dei første spor av beite-aktivitet kan påvisast rundt 400 f.Kr. Analysane viser en

intensivering frå 700-tallet. Dette kan muligens sjåast i samheng med fast bosetning i området i vikingtid/tidlig middelalder. Påvisning av kornpollen viser at det er gjort forsøk på korndyrking i romartid (0–400 e.Kr.) og rundt 1200 e.Kr.

**Rapporten, Kultur og natur i Grimsdalen landskapsvernområde.** Sluttrapport frå DYLAN-prosjektet. – NIKU Tema 38, presenterer forskingsresultata fra DYLAN-prosjektet for Grimsdalen landskapsvernområde gjennomført i perioden 2009–2010. De deltakande institusjonane var Kulturhistorisk museum og Naturhistorisk museum, Universitetet i Oslo, NIKU-Norsk institutt for kulturminneforskning og statsstipendiat Helge I. Høeg.

I **Gravhøe** på sørsida av Grimse var det både massefangst-anlegg i form av ei stor grav i området ved Storvatnet på ca. 2 x 22 m mura av stein, og det var mange enkeltgraver og grupper. Dette er bakgrunnen for namnet Gravhøe. Det var også mura ledegjerde og bogestelle. Du kan sjå ei eller fleire mura graver like ved turistråket frå Grimsdalshytta til Haverdalen og Høvingen, med det same du er opp lia og kjem over kanten.

## 9. IDYLLISK TJERN

2-300 m vestover frå her ligg eit lite og idyllisk tjern. Like ved stien er ei rekkje dyregraver etter kanten på nordvestsida av overløpet. Går du dit, er det best å gå same råket attende hit (merka sti).

Du kan også gå ein sti opp bjørkelia nordover frå tjernet og opp på eit råk som går frå Mesætre til Dalholen i Folldal. Følgjer du råket mot Mesætre, går du framom ein stein-formasjon som blir kalla Mesæterkyrkja. Vidare frå Mesætre kan du gå den gamle kjerrevegen attende til Tollevshaugen.



Ved Gruvlitjern.  
(Foto: Hans Bergseng)



Like ovanfor dette råket, opp mot Mesæterhøe, går den søre grensa mot Dovre Nasjonalpark som vart oppretta i 2003, og som i grove trekk omfattar området mellom Grimsdalen og E6 over Dovrefjell. Hovud-formålet med opprettinga av nasjonalparken var:

- Å ta vare på eit stort, samanhengande og i det vesentlege urørt naturområde.
- Å ta vare på eit høgfjellsøkosystem med særreeige og variert biologisk mangfald.
- Å ta vare på sentrale leveområde for villreinen i Rondane.
- Å ta vare på landskapsformer og særprega geologiske område.

## 10. STEINBUER OG ANDRE HUS

Desse steinbuene er truleg frå første tida det var gruvedrift her, og dei kan da vere over 250 år gamle. Det var minst tre slike, men den eine er flytta til Folldal Verk som ein del av gruvemuseumet.



Sluskebue "Veslebua".  
(Foto: Hans Bj. Talleraas)

Steinbuene er restaurerte av speidarar frå Folldal, og fekk namna "Sluskebu" og "Veslebu". Det er i dag Dovre fjellstyre som har ansvaret for dei. Det har vore eit populært turmål, noko som alle bøkene viser, med namn på folk som har gått her på tur, frå den første var lagt ut her rundt 1970.

Når det har vore drift i gruva, har det vore behov for bygningar. Det har vore bygd eller tilflytta eit vist minimum av hus kvar gong. Desse har forfalle når dei ikkje har vore i bruk, eller dei har blitt fjerna når det ikkje lenger har vore bruk for

dei. Det er tufter etter mange små hus her. Til dømes vart Stigerstugu i Dragåsen i Folldal kjøpt av Grimsdahls Værk. Den vart seinare flytta til Engelsgårdsætra på Mesætre. I tillegg til heistårnet og hytta til Folldal ungdomslag på Folldalsida og steinbuene her, er det berre "Skolestugubrakka" som står att nå. Det er ei gamal skolestugu frå Eriksrud i Atndalen, truleg frå 1860-åra, som visstnok vart flytta hit rundt 1916. Den står nedst i området og er nå i privat eige som hytte. Lengst nede står også murane av det mest interessante byggverket, smeltehytta.

## 11. MALMHAUG

Denne kishaugen inneheld malm som var sprengt ut av fjellet i gruvene her, og som dei seinare skulle vinne ut kopar og svovel av. Denne er truleg grovknist for kaldrøsting. Kis har høg eigenvekt fordi den inneheld metall.

Grimsdalsgruva ligg i ei malmsone som strekkjer seg under Gruvhøe i retning nordaust-sørvest. Malmen er ein samansett sulfidmalm av same kvalitet og som ligg i same retning som i dei andre gruvene i området (Hovudgruva, Geitryggen og nygruva i Folldal) og Tverrfjellet på Hjerkin. Den inneheld mest svovelkis med litt magnetkis, koparkis, sinkblende og blyglans. Sølv, gull, kobolt og nikkel er til stades i små mengder. Fram til 1860-åra hadde dei ikkje metodar for å vinna ut anna enn kopar, seinare vann dei ut svovel i tillegg. Kisen er nokså rein, men er isprengt fint fordelt kvarts.



Malmhaug fra ca. 1915-1920  
(Foto: Hans Bj. Talleraas)

Kaldrøsting er ein prosess dei brukte i eldre tid for å fjerne overskot av svovel før smelting i omn. Malmen vart lagt opp i haug oppå eit vedlag som vart tent på og skulle tene til å sette fyr på malmen. Det måtte brenne jamt med passe fart i ca. ein månad. For å regulere dette, dekte dei over med

grus framstilt av malm, og under hadde dei trekkkanalar. Etter kaldrøstinga, der malmen letna ein del, vart den frakta til smelteomnen. Før gruvegangane vart attfylte, kunne ein ved stoll 1 (øvt på vestsida) sjå tydelege groper i terrenget der det tidlegare har vore røsta malm.

For å kome i gang med gruveinngangane, og for å få tak i den kisen som kunne nyttast, måtte dei sprengje ut gråfjell. Her ser vi ein gråfjellstipp frå ein av gruveinngangane.

## 12. SMELTEHYTTA

- sjå informasjonsskiltet i terrenget.



Ruinene etter smeltehytta.  
(Foto: Hans Bergseng)

Dette er murane etter smeltehytta som truleg er bygd av Grimsdahls Værk med den tyske bergverksingeniøren Carl Wertz som styrar på 1860-talet. Den er basert på Sindings metode, som da var ny og utvikla av bergmeister Sinding for utnytting av koparfattig malm. Carl Wertz kom til Noreg etter oppfordring frå Sinding for å hjelpe gruveselskapa med å byggje opp smelteomnar baserte på Sindings patent. Han kom til Follvals Kobberværk i 1855.

Foredlingsmetoden gjekk i fleire trinn. Det første var kaldrøsting som skjedde haust og vinter, gjerne ved gruva. Så vart malmen frakta til smelteomnen, men også prosessen der måtte gå føre seg i fleire trinn. Det er usikkert om ein kunne lage ferdig produkt ved denne smelteomnen, eller om det var meininga å frakte ut halvfabrikat.

Denne metoden var nok føresetnaden for oppstartinga med drift her att. Det har tydeleg vore optimisme i starten, sidan dei la så mykje arbeid i bygging av smeltehytta, men det ser

ikkje ut som den har vore mykje brukt. Truleg vart det slutt på drifta før dei kom skikkeleg i gang. Ved seinare drift har dei vel mest konsentrert seg om å finne malm, og ikkje kome så langt at dei har foredla noko ved gruveområdet.

Det gjekk med mykje ved både til røstinga og smelteprosessen. Ein måtte føre luft inn i omnen for å få god nok varme. Det skjedde truleg ved hjelp av blåsebelg av tre og skinn.

Heile smeltehytta er i sterkt forfall og delar av murane veltar stadig ned. Ennå står ein av dei to omnane. Du kan sjå at det har vore køyrebru inn i smeltehytta frå øversida, og i skogen bak hytta er tuftene etter eit sprengstofflager. Det er murar etter eit hus ovanfor hytta, men vi veit ikkje kva dette har vore eller når det vart rive.

### **13. MESÆTERMYRE NATURRESERVAT**

- sjå informasjonsskilt i terrenget

Vi er nå på vegen mellom Mesætre og Tollevshaugen. Denne vegen er den nordaustre grensa for Mesætermyrene naturreservat, oppretta i 2003, og som er på snautt 3000 dekar. Bakgrunnen for å opprette naturreservatet er verneverdien knytt til myrtypar, vegetasjon/botanikk og fugleliv i området. Formålet med fredinga er å ta vare på eit stort og variert myrkompleks og omkringliggende hei- og skogsamfunn som økosystem med alt naturleg plante- og dyreliv. Området har stor landskapsmessig betydning, eit stort artsmangfald, eit rikt fugleliv og til dels svært rik og særprega vegetasjon og flora. Her finst fleire plantegeografisk interessante artar, og det er førekomst av palsmyr. Palsmyr er ei myr som består av torvhaugar med iskjerne som ikkje smeltar om sommaren (permafrost). Delar av myra er dermed frosen heile året.



Naturreservat er den strengaste forma for vern og inneber mellom anna at i tida 20. april - 15. juli er det ikkje lov å ferdast i naturreservatet.

### FUGLELIVET

Mesætermyre har eit variert og rikt fugleliv og artsmangfaldet på myra er stort. Der hekkar mellom anna dei sårbare og sjeldne artane dobbeltbekasin og myrhauk og eit vidt spekter av våtmarksfuglar som til dømes trane. Elles i området er det gode produksjonsområde for rype, både fjellrype og lirype. Det er ein del storfugl og orrfugl i skogsområda.



Dobbelbekkasin.  
(Foto: Thor Edgar)

I Grimsdalen er det i somme område tradisjonelle hekkaplassar for rovfuglar og ugler. Det gjeld m.a. i bratte fjellsider og tronge og bratte gjel omkransa av opne fjellområde der jaktfalk, kongeørn, fjellvåk og myrhauk hekkar. Det er mest av tårnfalk og dvergfalk, mens fjellvåk er blitt sjeldnare. Av andre fugleartar som finst her, kan vi nemne fjellerke, bergirisk, lavskrike og tretåspett. Fjellområda nord for Grimsdalen er eit av kjerneområda for raudlistearten fjellerke i Sør-Noreg.

### DYRELIVET

Av ville dyr i området er det først og fremst hjortedyra, elg, villrein, hjort og rådyr vi tenkjer på. Av rovdyr finst gaupe, jerv og rev, og ved elva finst mink og bever. Det er også bra med hare og ein del røyskatt og smågnagarar.

Det er mykje elg i Grimsdalen som er delt i tre jaktfelt. Elgen er forvalta av Dovre elgutval. Det har også vore sett hjort, og det finst litt rådyr i skogområda.

Villreinen i området er frå stamma i Rondane nord, og den blir forvalta etter godkjent driftsplan der målsettinga er å halde ein vinterstamme på ca. 1500 dyr. I Grimsdal statsallmenning er det Dovre fjellstyre som sel jaktkort.

Innanbygds jegerar har fyrsteretten, men ein del kort (ca. 10 %) blir selde til utanbygds jegerar.



Rein.  
(Foto: Trond Svardal)

Det er sjeldan vi ser rein i nærområdet, den held seg mest oppe i høene. Men skulle nokon treffe på ein reinsflokk, så bør dei helst gå omveg for ikkje å uroe dyra.

Småviltjakta er administrert av Dovre fjellstyre.

## VEGETASJON

Grimsdalen har ein unik flora med eit særprega kontinentalt artsmangfald i norsk samanheng. Skilnaden mellom Trondheimsfeltets rike kambrosilurbergartar i nord og det fattigare sparagmittområdet sør og aust for Grimsdalen, betyr mykje for utforming av vegetasjon og flora.



Issoleie.  
(Foto: M. Liebe)

I Grimsdalen er det ei rekkje lokalitetar av sjeldne og sårbare planteartar, i hovudsak knytt til rike høgaltpine myrområde.

Det store artsmangfaldet kan forklarast med variasjon i klima, frå særst godt klima i bakkehellingane, lite nedbør saman med



myrvegetasjon, og variasjon i næringsinnhald i jorda på grunn av bergartane.

Vi finn eit spekter planteartar frå høgalpine artar til artar som vanlegvis veks i lågare strøk, og frå artar som lever på svært tørre stader til myrplantar.

Grimsdalen er også spesielt interessant i nasjonal og internasjonal samanheng med omsyn til det biologiske mangfaldet knytt til kulturlandskapet. Det skuldast at det enda er att store areal med gamal artsrik natureng som til nå er halde bra i hevd ved beite.

Sjeldne planteartar som er utryddingstruga, må ikkje plukkast.

## 14. SÆTERVEG – FERDAVEG

Vegen mellom Mesætre og Tollevshaugen var i lang tid brukt berre ved samkvem mellom sæterstulane og som mjølkeveg frå Vigerustsætre når dei køyrde mjølka til Tollevshaugen for levering med bil. Vegen var i bruk i tida frå 1934 da mjølkeleveringa tok til om Folldal og fram til det vart bilveg frå Dovre i 1959.

Det kan tenkjast at sætervegen til Tollevshaugen og ferdavegen over til Folldal og Østerdalen gjekk forbi Mesætre for lenge sidan. Før første Stakstosætra kom i 1726, kan dei like gjerne ha køyrt vegen frå Tverrlisætre om Mesætre. Før det vart bilveg, gjekk kjerrevegen til Tollevshaugen frå Heimkrok og kom opp vestafor Tollevshaugkyrkja. Her gjekk nok også ferdavegen over Streite og vidare til Folldal og Østerdalen. Den har ikkje vore brukt til kjerrveg sidan bilvegen kom, og over 50 år utan ferdsel i myrlendt terreng har gjort at vegen i dag er vanskeleg å finne (vegen er merka med grønt på kartet).




Vegarbeidarar: Laurits Bergseng, Hans Helge Bjørnsgård og Anton Jondal.

Det blir i forskriftene for Mesætermyre naturreservat opna for merka stig etter den gamle vegen gjennom reservatet, og som det også kan ferdast etter i fredingstida for ferdsel som er tida 15. april til 15. juli.

Sætervegen gjennom Grimsdalen har utvikla seg i takt med tida. Frå riktig gammalt vart vegen mest til medan ein gjekk eller rei med hest. Etter kvart vart arbeidet organisert, og fyrste kontrakten mellom sætereigarane som vi kjenner til, er frå 1827. Den seier noko om korleis dei ville dele vegen mellom seg for å få den "fulkommen god og fremkommelig at kjøre med kjerre". Dei som ikkje gjorde plikta si, skulle straffast med mulkt. Arbeidet, som vart utført med handmakt da, vart delt på ymse måtar ved å dele opp arbeidet i parsellar, eller andre gonger i dagsverk, alt i høve til bruk, storleik på garden, talet på kyr og geit o.s.v. Det vart arbeid med å skaffe pengar til vegen frå bank, kommune, budeiefestar og basarar o.s.v. Til å byrje med gjekk vegen på ymse side av elva, utan bruer, etter som kvar det var best å køyre.

Frå 1888 vart det bygd bruer over tverrelvene. Dei utbeta og la om stykke for stykke til det etter kvart kunne køyrast med bil. Eit gjennombrøt var da den kommunale vegen opp til dei øvste gardane i Bergsgrenda (Dovre) endeleg vart farbar i 1947. Da kom mjølkebilen i gang til Tverrlisætre.



I 1948 vart det bygd veg med bulldosar første gong i Grimsdalen. Det var gausdølar som grovplanerte for kr 2,50 pr. m frå Bjørnsgardssætra til Fallet. Mjølkebilen utvida ruta til også å gjelde dei innarste sætrene i dalen i 1949, og mjølkeruta frå Tollevshaugen om Hjerkin vart nedlagt.


Å bygge og halde ved like 5 mil med veg var ei stor belastning for sætereigarane lenge, både når det galdt arbeid og pengar. Ved sida av årleg pliktarbeid var det ei ordning med statstilskot

frå 1935 som hjelpte på ein del. Frå da vart også kostnaden fordelt ved skjønn etter veglova. Da det skule byggast veg med maskinar i 1948, vart det tatt opp lån som vart trekt i mjølkeoppgjjer frå ysteriet etter skjønnet. Da det vart gitt løyve til å hogge tømmer for sal i allmenningane frå 1951, kunne det meste brukast til vegen. Da det vart bilveg, vart det bompengar. Etter kvart vart det gjennomkøyring og trafikken auka til den stabiliserte seg på 1970-talet med 5-6000 bilpasse-ningar. Frå 1975 har bompengane finansiert vegen.

## 15. TOLLEVSHAUGKYRKJA

Tolleivshaugkyrkja er ein bergformasjon av hardare bergart enn fjellgrunnen elles i området, og som såleis er blitt ståande att etter at isen skura ned resten av fjellet under istida. Forma kan minne om ei kyrkje og dermed har den fått namn. Spisse fjellformer får ofte ordet kyrkje i namnet.

Mange går tur til kyrkja, ein tur dei fleste kan vere med på.



Vegetasjon - Tolleivshaugkyrkja  
(Foto: Hans Bergseng)

Frå etter krigen vart det vanleg med sætermesse der, med kyrjekaffe på ei av sætrene etterpå. Etter at det vart bilveg, køyrde mjølkebilen heile Grimsdalen den dagen det var messe og samla opp budeiene og andre som var på sætrene og køyrde dei attende etterpå. Tradisjonen med sætermesse er videreført og er eit årleg arrangement. Dovre kyrkjelege råd og sætereierene på Tolleivshaugen står for opplegget.



Gudstjeneste på kyrkja v/ Hans Jacob Dahl.  
(Foto: Hans Bergseng)



Samarbeidsparter:

